

Den utvidede utenrikskomite
Møte lørdag 9 desember 1939 kl. 10.

Møtet lededes av nestformannen, hr. Anderssen -
Rysst.

Samtlige komiteens medlemmer var til stede med undtagelse av formannen, hr. Hambro, for hvem varamannen, Jon R. Aas, møtte.

Av Regjeringens medlemmer var stats- og fung. forsvarsminister Nygaardsvold samt følgende statsråder til stede: Koht, Torp, Lie, Hindahl, Støstad, Hjelmtveit, Ystgaard og Wold.

Fra Utenriksdepartementet var utenriksråd Jens Bull til stede.

Formannen: Utenrikskomiteens formann, hr. Hambro, er som allerede nevnt, i Genève i offentlig oppdrag. Han hadde ikke noen befatning med berammelsen av og innkallelsen til dette møte, da han også på det tidspunkt var i Genève. Når møtet blev berammet og innkalt til idag, skyldes det en henstilling fra Stortingets presidentskap, som stortingspresident Magnus Nilssen nu vil omtale.

Magnus Nilssen: Da krigen mellom Russland og Finnland brøt ut, henvendte president Moseid sig til mig og spurte om ikke dette foranlediget at Stortinget muligens måtte tre sammen. Jeg konfererte da med statsministeren, og i henhold til det sammenkalte jeg Stortingets presidentskap dagen efter, den 1. desember. Statsministeren var da til stede i presidentskapet og redegjorde for forskjellige forhold og for Regjeringens opfatning av stillingen som den da var. Vi holdt derefter møte i presidentskapet dagen efter og blev da enige om at vi vilde henstille at Stortingets utenrikskomite kom sammen for at man kunde få en redegjørelse om de utenrikspolitiske saker fra utenriksministeren, for på grunnlag av den og i henhold til opfatningen i Stortingets utenrikskomite da nærmere å kunne overveie og i tilfelle treffe bestemmelse om hvorvidt Stortinget skulde sammenkalles. Hr. Moseid foreslo i det møte at Stortinget skulde sammenkalles hurtigst mulig. I henhold til det var det at presidentskapet besluttet å henstille at utenrikskomiteen kom sammen og samtidig uttalte ønskeligheten av at de av Stortingets presidentskap som ikke er medlemmer av den utvidede utenrikskomite, måtte få adgang til å være til stede i dette møte. I henhold hertil tillater jeg mig å foreslå at de av presidentskapets medlemmer som ikke er medlemmer av den utvidede utenrikskomite, får adgang til å være til stede i dette møte.

Formannen: President Magnus Nilssen har altså foreslått at de medlemmer av Stortingets presidentskap som ikke er medlemmer av den utvidede utenrikskomite, får adgang til å delta i dette møte. Er det noen som har noe å innvende mot dette forslag? - Hvis ingen innvending fremkommer, anser jeg forslaget for vedtatt.

Presidentene Moan, Moseid og Valen kom derefter til stede og deltok i møtet.

Formannen: Jeg går ut fra at den riktige fremgangsmåte for dette møte videre vil være at vi får utenriksministerens redegjørelse først, og at den drøftelse som kan knytte sig til president Magnus Nilssens uttalelser, kan komme i forbindelse med diskusjonen om utenriksministerens redegjørelse.

Statsråd Koht: Det gjekk denne gongen som det har gått meg fyrr, at det ikkje har vore tid eller råd til å arbeida ut noka utgreiing til nemnda, som kann vera soleis oppbygd at eg kann segja at det er ein fullt utforma samanheng av fakta og tankegang. Eg må be um at nemnda reknar med dette når eg no skal gjera greie for det som det kann bli tale um her. Og lat meg med ein gong segja at eg denne gongen spring over alle dei serskilde utanrikske spursmåla som heng i hop med dei handelspolitiske sakene som eg fyrr ymse gonger har greitt ut um for nemnda. Eg synest det er rett ut frå situasjonen her å tala berre um eit einaste spursmål, og det er spursmålet som har reist seg etter Sovjetsamveldet har gjort sitt overfall på Finland. Dette overfallet har mått reisa ei heil rekkje med serskilde spursmål, spursmål som Regjeringa har mått ta standpunkt til eller har mått dryfta. Det som serskilt har tvinga fram ei dryfting og avgjerd, er dette at den finske Regjeringa har vendt seg til Folkesambandet og bede um at Folkesambandet måtte gjera dei vedtak som kunde vera høvelege til å få slutt på det russiske overfallet. Då det etter dette var avgjort at Folkesambandet måtte samlast til møte, både rådet og deretter forsamling, bad eg for min part den danske og den svenske utanriksministeren koma til møte her i Oslo, so vi alle tri kunde få samrå oss um alle desse spursmåla som der måtte upp. Dette samrådsmøtet hadde vi no um torsdagen, i fyrrdags. Det var svært nyttig for oss alle - det var vi samde um - at vi kunde få dryft munnleg desse spursmåla. Eg hadde gong på gong i dagane i fyrevegeven havt telefonsamtalar både med dr. Munch i Kjøbenhavn og med Sandler i Stockholm og ein einskild gong dessutan ein samtale med Tanner i Helsingfors, so på den måten hadde eg for min part freista på å få greie på so langt råd var, koss dei andre såg på desse spursmåla, og kunde få gjeve dei kunnskap um koss eg sjølv såg på dei. Difor kunde det møtet vi hadde torsdag her i Oslo, gå so vidt fort som det gjekk. Eg hadde på fyrehand sendt til Kjøbenhavn og til

Stockholm utforma det som eg meinte burde vera konklusjonen på møtet, og eg kann segja med ein gong at den konklusjonen som eg soleis hadde sendt fram, den vart vi alle einige um på dette møtet.

Eg vil då aller fyrst segja litegrand um korleis saka ligg fyre for Folkesambandet. Det er heilt greitt ut frå dei statutta som Folkesambandet har, at når det fyrst har kome i hop, når det fyrst har samla seg etter denne appellen frå Finnland, so kann Folkesambandet ikkje lata vera å slå fast den faktiske tingen som har gått fyre seg, at Sovjetsamveldet har gått til ågang mot Finnland, og har gjort dette i strid med Folkesambandspakta. Det er ei konstatering som sambandet ikkje godt kann koma utanum, og eg kann ikkje tenkja meg at det vilde vera nokon medlem av Folkesambandet som kunde røysta mot dette. Det einaste skulde vera at sume av dei som er serleg sterkt fest til Sovjetsamveldet, skulde lata vera å røysta.

Men so blir spursmålet: Kva konklusjon skal so Folkesambandet draga av dette? Dei tri nordiske utanriksministrane var einige um at vi kunde ikkje vera med på noko av det som har vore freista gong på gong fyrr i slike tilfelle. Vi meinte at det har vist seg fyrr at det å taka upp ein sanksjonspolitik er heilt fåfengt, det kann ikkje føra fram til nokon ting. Å gjera vedtak um sanksjonar mot Sovjet-Samveldet vilde det inga meining vera i, det var vi alle samde um. Eg får leggja attåt at det som vi utanriksministrane var samde um, var dessutan dryft i alle desse tri nordiske regjeringane.

So har det kome upp andre spursmål; det har vore nemnt frå engelsk side at ein kunde tenkja seg å gjera det same vedtaket i denne saka som vart gjort då Japan hadde overfalle Kina for godt og vel tvo år sidan, då det vart gjort eit vedtak som sa at her var eit overfall, her var ein aggresjon, og difor hadde Folkesambandet rett til å nytta sanksjonane sine, men Folkesambandet gjorde ikkje noko vedtak um dette, det sa berre at det vilde leggja det i hendene på dei einskilte statane, um dei kvar for seg vilde gjera noko slag tiltak mot Japan. Det einaste positive som dei sa, var at dei rådde medlemstatane til ikkje å gjera nokon ting som kunde hindra Kina i forsvaret sitt mot Japan. Dette vedtaket i Folkesambandet i det japansk-kinesiske spursmålet har ikkje sett store merke etter seg, - litegrand kann ein segja, t.d. slik ein ting som det at Storbritannia har gjeve lån til Kina, og at Sverike, og kanskje andre statar òg, har selt våpen til Kina i desse åra. Men elles kann ein ikkje segja at denne aksjonen frå Folkesambandet har ført fram til noko positivt resultat. Japan sit med den makta som det har vunne, og ingen har i røynda hindra Japan i å gjera seg til herre over store partar av Kina. Difor var dei tri nordiske utanriksministrane då dei dryfte dette framlegget - eller dette som var nemnt i det minste frå engelsk side - einige um at det var inga hjelp i her å gjera eit vedtak som det, det var eit slag i lufta, og då skulde ein helst lata det vera.

So kom det upp ein tanke um at ein skulde støyta Sovjet-Samveldet ut or Folkesambandet. Det kom frå fyrsten frå ein av dei søramerikanske statane. Det viste seg elles etterpå at ein hadde mistydd noko det som kom derifrå; men det var i minsto uppteke som ein tanke um utstøyting, og i den forma vart det då dryft. Det kom so vidt tidleg at eg fekk nemnt det i den samtalen som eg sa eg hadde med den finske utanriksministeren, Tanner, - det var sist tysdag. Og då eg nemnde det for Tanner, halvt lo han i telefonen og sa: Kva skulde det hjelpa oss at dei ekskluderte Sovjet-Samveldet? Han sa: Det einaste som vi ynsker, er å få koma til forhandling so sant det er mogleg. Og det å ekskludera Sovjet-Samveldet vilde vera det same som å skjera over - ein kann segja det so - den aller siste tunne tråden som kunde binda i hop og dermed gjeva ei råd til fredleg forhandling.

Det som då måtte reisa seg som konklusjon, var dette å freista gjenom Folkesambandet å verka soleis på Sovjet-Samveldet at det vil gå til slik forhandling med Finnland. Det synte seg no likevel med ein gong at det var i det minste inga sterk von, eller nær sagt mest inga von, um at dette skulde kunna føra praktisk fram. For då den svenske regjeringa på vegnene til Finnland bar fram tanken i Moskva, svarte den russiske folkekommissæren, Molotov, at han - Sovjet-Samveldet i det heile - ikkje vilde forhandla med den finske regjeringa som sit i Helsingfors, som sit der med stønad i det veldige fleirtalet av den finske riksdagen; Sovjet-Samveldet vilde berre forhandla med den regjeringa som det sjølv hadde hjelpt til å setja upp so vidt innanfor den finske grensa i Terijoki under kommunisten Kuusinen. - Eg vil her skyta inn, at fyrr dette utanriksministermøtet og i samanheng med eller nokolunde samstundes med dette som den svenske regjeringa gjorde i Moskva, hadde dei nordiske regjeringane dessutan freista på ein annan veg til å å nå fram til Sovjet-regjeringa med fyrespurnad um forhandling. Den svenske utanriksministeren hadde spurt den italienske sendemannen i Stockholm um det vilde vera mogleg å koma til den italienske regjeringa med ei oppmoding um å få i stand forhandling. Italia er som De veit, den einaste stormakta i Europa på denne tida som ikkje er i krig. Svaret derifrå lydde at Italia hadde so mykje anna å tenkja på, det kunde ikkje dessutan gjeva seg til å leggja seg inn i spursmål i Nord-Europa, so det vilde vera vonlaust å koma til den italienske regjeringa med ein fyrespurnad. Den danske utanriksministeren nemnde for meg at han vilde gjera ein freistnad av same slaget i tilhøvet til Tyskland og spyrja den tyske sendemannen i Kjøbenhavn om han kanskje kunde tenkja seg at ein gjenom Tyskland som har venskapspakt med Sovjet-Samveldet, kunde nå fram til dette å få forhandling, for di han dessutan gjekk ut frå - og eg tenkjer med full grunn - at den tyske regjeringa ikkje var serleg glad for den framstøyten som Sovjet-Samveldet hadde gjort i Finnland. Då den danske utanriksministeren nemnde det for meg, sa eg at eg

var viljug til å gjera det same til den tyske sendemannen i Oslo, og vi gjorde det då baa tvo. Det var ikkje ein formell fyrespurnad, det var det ein kallar ei sondering, med tanke på um det var mogleg å gå den vegen. Vi fekk både i Kjøbenhavn og i Oslo det same svaret, at den tyske regjeringa ikkje kunde tenkja på noko slikt, ho gjekk ut frå etter det svaret som Molotov hadde gjeve Sverike, at sovjetregjeringa ikkje vilde forhandla med andre enn dei som ho kalla folkeregjeringa i Terijoki. Det er då soleis rett klårt at det å koma i Folkesambandet med ei oppmoding til forhandlingar, det kann ein ikkje ha noka von um vil føra fram. Og likevel har dei nordiske utanriksministrane og dei nordiske regjeringane meint at det var det einaste vi kunde gjera no innanfor Folkesambandet, det var i det minste på ein måte å manifestera, å gjeva tydeleg ord for at vi meinte denne krigen burte i Finnland var ein krig som var sett i gang utan rett og rettferdig grunn, og at difor den striden måtte bli løyst med fredlege forhandlingar, burde bli løyst på den måten. Vi kunde då i det minste med slikt eit vedtak i Folkesambandet gjeva ord for dette, og vi kunde dermed like eins få gjort det klårt at alt som kunde bli gjort for fredlege forhandlingar, det var gjort, soleis at ingen etterpå skulde kunna segja at her var nokon ting forsømt, her var ein veg som kunde ha vore nytta, og som ikkje vart nytta. Eg må segja at anna meining kann eg i grunnen ikkje finna i slikt eit vedtak, men eg trur at det er meining nok, i det minste til å gjeva uttrykk for vår politikk. Um dette sende vi då frå utanriksministermøtet torsdag kveld eit telegram til den delegerte som vi hadde der nede på fyrehand, stortingspresident Hambro. Han var send med som delegert berre til det som ein kallar den 4. kommisjonen i Folkesambandet, som skulde setja upp budgett for neste år i Folkesambandet, so det skulde koma i orden; men han var viljug til å lata seg bruka som delegert til sjølve forsamlinga. Eg tenkte sjølv på um det skulde vera råd for meg å reisa dit ned, og eg tok til å granska reiserutone. Det viste seg at i desse tidene er det so vanskeleg å reisa, det er ikkje som fyrr då ein kunde koma dit ned på ein dag, no kann ein ikkje nå dit på mindre enn tvo jamdøger, kanskje må ein bruka endå lengre tid, og so skulde møtet vara i fleire dagar, og då syntest eg ikkje det var råd for meg å vera burte so lenge. Difor gav vi stortingspresident Hambro som delegert den instruksen som eg her har nemnt, - endå ikkje soleis at dette skulde vera eit endeleg framlegg, men soleis at vi bad han granska etter, tala med andre delegerte der nede og høyra korleis dei stod til slikt eit framlegg, og serskilt skulde han spyrja representantane for dei andre Oslo-statane, Nederland, Belgia og Luxemburg, um dei kunde tenkja seg å vera med på slikt eit framlegg som eg her har nemnt, og i tilfelle få andre nøytrale til å vera med. Eg må nemna at telegramma til Genève kann vi ikkje senda beinveges, dei går gjenom Tyskland, og vi veit at der vert dei lesne, soleis at instruksar i trumål kann vi ikkje senda den vegen.

Vi sender dei som telegram til Paris, sjølvsagt i siffer - og frå Paris har vi fått ein skipnad med telefon til Genève, på den måten er det instruksane går, og dermed går dei sjølvsagt litt seinare. Men det er den einaste måten vi kann gjeva instruksar til den delegerte i Genève just no, i det minste når det gjeld slike spursmål som dette. Difor var det at vi her i går fekk eit telegram frå hr. Hambro som var sendt fyrr han endå hadde fått mitt telegram frå torsdag kveld. Dette telegrammet frå hr. Hambro vil eg lesa upp. Eg må skriva det litt um for di det er ciffer, men eg skal gjeva det setning for setning soleis som det er. Han telegraferer at stemninga for å ekskludera Russland er overveldande, og at ein eksklusjon må reknast som absolutt viss. Kina, segjer han, vil lata vera å røysta i denne sak i rådet. Dersom Russland ikkje vert ekskludert, går alle dei amerikanske statane ut, det vil segja dei søramerikanske. Presidenten i Frankrike har sagt i går kveld at um ikkje Folkesambandet gjer vedtak um å støyta Russland ut, so kann Folkesambandet likso gjerne stengja. Serskilt England og Frankrike spør etter korleis Noreg og Sverige står, og dei spør etter det med stort utolmod. Inntrykket um Noreg og Sverige - som det vel her serskilt skulde gjelda - skulde halda seg frå å røysta, vilde vera nedslåande, og vilde skada varig den nasjonale vyrdnaden vår. Den ministeren frå Lithauen som er til stades i Genève, segjer at dei baltiske statane vil lata vera å røysta når spursmålet kjem fram i forsamlinga. Men, legg Hambro attåt, eg tvilar på det. Og det at han tvilar på det vil vel segja det same som at dei beint fram vil røysta mot eksklusjon, so det ikkje skulde kunna bli vedteke, endå um ein held seg frå å røysta.

Det var det som kom i går. Etter han so hadde fått vår instruks, kom det i natt eit nytt telegram som lyder soleis: Delegasjonane frå Nederland og Belgia har ingen fast instruks, og dei vil fyrst få instruks sin på måndag - det er på måndag forsamlinga møtest - men delegasjonane er heilt uviljuge til å skriva under på eit framlegg som det som har kome frå det nordiske ministermøtet. Ei delegert frå Balkanstatane - det står berre eit einaste ord der, so det er berre ein - har bede um at dei nordiske statane må stå i hop med dei um å røysta for eksklusjon, og Frankrike er svært verksam for dette. Meininga er reint formelt å gå fram på den måten, opplyser Hambro, at ein skal velja ei serskild nemnd i forsamlinga på måndag, som so skal gjera dette framlegget um at rådet - det er det som har den formelle makta her - skal ekskludera Russland, og då er det tanken å velja inn i den nemnda den svenske delegerte Undén, som for so vidt fyrst kjem i kveld til Genève, so han har endå ikkje kunna vera med i dette. England har lova Frankrike og Finnland offisielt å gjeva sin studnad til eksklusjonsframlegget.

Vi ser soleis at den delegerte som vi har i Genève i dag, svært sterkt går inn for tanken um eksklusjon, den som

vi har dryft på fyrehand millom dei nordiske utanriksministrane, og som vi var ueinige i. Undén reiste torsdag kveld til Genève med denne instruksen som eg her har sagt. Han fekk munnleg telefonmelding um han fyrr han reiste frå Stockholm torsdag kveld. Det er tydeleg nok at det er serskilt frå tvo sider at denne tanken um å ekskludera Russland er reist. Det er på den eine sida frå dei søramerikanske statane og på den andre sida frå England og Frankrike eller rettare sagt frå Frankrike med studnad frå England. Eg kann sjølv sagt svært godt skyna den tankeføringa som har bore fram dette framlegget. Det er ein naturleg reaksjon mot den valdspolitikken som Sovjetsamveldet her har ført. Men eg kann ikkje lata vera å minna um at dette i tilfelle vilde vera fyrste gongen at noko slikt blir gjort i Folkesambandet, og vi veit alle at det har hendt mange vonde og stygge ting fyrr i Folkesambandet, mange slag valdspolitikk har vore driven av stormaktene, og det har ikkje vore møtt på denne måten. Ein einaste gong har Folkesambandet gått so langt som til sanksjonar, og det førde ikkje fram, mykje for di sjølve dei stormaktene som fekk i stand vedtaket, ikkje var viljuge til å gjennomføra sanksjonane slik at dei kunde få full verknad. Difor har dei nordiske statane og umlag alle dei andre nøytrale småstatane teke det standpunktet at vi meiner at Folkesambandet ikkje duger til å føra ein tvangspolitik, og eg vil her leggja attåt - ikkje heller duger til å føra ein straffepolitikk. Slike vedtak kann kanskje taka seg godt ut teoretisk, men dei fører ikkje fram. Det kann ein segja um mange andre ting òg, at dei ikkje fører fram, men andre ting vil då i det minste ikkje vera anna enn råd med god vilje for fred; men praktiske tiltak som desse andre ting vilde vera, dei har heller ikkje ført fram og vil visseleg ikkje kunna føra fram no heller. Dei søramerikanske statane ligg langt burte, og dei har kanskje lett for å taka slike standpunkt. England og Frankrike har tydeleg no skyna at sambandet millom Russland og Tyskland er so sterkt, so det nyttar ikkje lenger å freista på å halda seg til vens med Russland, soleis som dei har ynskt, soleis som dei serskilt viste at dei vilde då Russland tok sin part av Polen. No slår dei då inn på ein heilt annan politikk, og so krev dei at vi andre skal fylgja dei i denne politikken. For min part trur eg ikkje det er rett at våre statar let seg bruka soleis som reidskapar i denne stormaktpolitikken. Eg trur vi får halda oss til dei tankane som vi har kome til på eige hand, og fylgja konsekvent den politikken som vi har fylgt her fyrr, når vi har drege vår konklusjon av det politiske nederlaget som Folkesambandet har lide. Vi kann ikkje rekna Folkesambandet for ei politisk makt som kann gripa inn, og dei einaste som vilde få kjenna dei praktiske fylgjone av ein slik politikk, ein straffepolitikk vend mot Russland, vilde vera dei tvo nordiske grannestatane til Finnland.

Det er då både prinsipielle grunnar og praktiske politiske grunnar som gjer at eg for min part må vara sterkt

mot den politikken som vår delegerte i Genève, hr. Hambro, har gjort seg til talsmann for i tilhøvet til oss. Eg vil nemna at han serskilt har sagt i telegrammet til oss, at han ikkje har uttala dette for andre, at han tvertimot har sagt at Noregs stode i desse spursmåla, står i det telegrammet - er so delikat at han vil ikkje uttala noka personleg meining til andre delegerte i Genève. Eg vil ha sagt dette so ein ikkje skal tru at han på nokon måte har vore illojal mot den norske regjeringa, dei meiningane han ber fram til den norske regjeringa, er då eit råd til oss, og vi er nøydde til å taka standpunkt til det so fort som råd er, for di Folkesambandet, forsamlinga der, møtest no på måndag, og det er tydeleg meininga at dette skal gå fort. For min part held eg då på at vi skal bli ståande ved det som vi vart einige um på utanriksministermøtet her um torsdag. Det har ikkje vore råd for meg å få høyra um den danske eller den svenske regjeringa skulde ha skift meining i desse siste dagane. Eg har straks i går kveld late både den danske og den svenske utanriksministeren få kunnskap um telegrammet frå hr. Hambro, so dei då i alle tilfelle skal få vita um den stemning som han meiner råder i Genève, men eg har endå ikkje kunna få svar på dette - og vonar eg skal kunna få det i fyremiddag - og det er då klårt at det har sitt å segja ogso for det standpunkt vi skal taka, kva dei meiner i den danske og den svenske regjeringa. Det kann serskilt ha sitt å segja for den forma som standpunktet vårt skal få i Genève, anten vi berre skal lata vera å røysta i spursmålet um eksklusjon eller um ein beint fram skal røysta imot. Skulde det vera so som hr. Hambro telegraferer, at dei baltiske statane vil nøggjast med å lata vera å røysta, so er det klårt at vi har ingen grunn til å gå lenger enn dei og beint fram røysta imot eksklusjonen, for det er meir aggressivt og aktivt enn å lata vera å røysta.

Med umsyn til den formelle framgangsmåten vil eg som sagt gjerne vita kva dei tenkjer i den svenske regjeringa. Eg vil gjerne at Noreg og Sverike skal stå i hop i denne saka, soleis som eg trur at vi har gjort til denne stund.

Dermed har eg sagt det som kann vera å segja um dette spursmålet, men eg må endå nemna og understreka at krigen i Finnland har reist andre spursmål som serskilt gjeld Noreg og Sverike, gjeld oss på litegrand ulik vis, men gjeld oss baae tvo. Det er spursmålet um ein på nokon måte utan brot på nøytraliteten kann gjeva Finnland den hjelpa som det ynskjer og som det visseleg sårt treng i striden sin, lata Finnland få dei tilførselone som det har bruk for. For Sverike gjeld dette beint fram tilførsel av svenske varor og - lat meg segja det som det er - svenske våpen. For Noreg gjeld det spursmålet um transitt for tilførsel til Finnland frå andre land på andre sida av havet, tilførsel frå England, frå Amerika. Det er då spursmål som naturleg reiser seg, og eg strekar under at det som det her er tale um, det kann desse

to regjeringane i Sverige og Noreg gjera utan at dei dermed kjem i strid med nøytralitetspliktene sine.

So har De set at i Sverige er det ei stor rørsle for at friviljuge skal reisa til Finland og gå med i krigen, og tanken er framme her i landet òg. Her hos oss er det soleis at i sjølve straffelova - eg trur det er i § 133 - har vi eit forbod mot verving, mot å verva folk til framand krigsteneste, eit forbod som gjeld for norske statsborgarar. Det er soleis ikkje tale um at det kann bli høve til det her i landet, men spursmålet er um ein i denne saka skal eller bør gjera som det vart gjort under den spanske borgarkrigen, at vi dessutan skal nytta ei lov frå 1937 som gjev Kongen rett til å forby friviljuge å gå ut i framand krigsteneste. Når det gjeld det spursmålet må eg nemna at det som Finland fyrst og fremst har bruk for, etter det vi høyrer derifrå, det er ikkje friviljuge soldatar, men det er friviljuge offiserar. Med offiserar veit vi alle saman at det er soleis i Noreg at vi ikkje har for mange av dei. Skulde vi tala reint militært, er eg viss på at ein vil segja at vi har for få, og då gjeva løyve for norske offiserar til å gå friviljug til Finland, det kunde vera fårleg for oss sjølve, og eg skal straks nemna ting som serskilt kann spela inn. Annarleis kann det sjølvstøtt vera med dei meinige; men der er det då soleis for Finland at det er offiserar dei har bruk for. Å få dit burt meinige som kjem utan våpen, utan noko slag utrusting som trengst for krigsførsle, vilde venteleg for Finland ikkje vera til hjelp, men berre ei byrd. Eg nemner her desse praktiske spursmåla, so ein kann taka dei med, um ein dessutan vil tenkja prinsipielt på sjølve saka.

Men det er endå ein ting til i dette finske spursmålet som vedkjem oss nærare enn alt anna. Då sovjetregjeringa i oktober kom med sine framlegg - som det den gongen heitte - til Finland, bygde dei fyrst og fremst på dette at Finland skulde avhenda visse område av sitt land og dessutan gjeva Russland høve til ein flotebasis ein annan stad i det finske området, alt i hop med det fyremålet å tryggja Leningrad mot fiendsleg pågang frå andre framande makter, det var fyremålet. Men samstundes med at sovjetregjeringa kom med desse framlegg, som sidan vart ti krav til Finland, kravde dessutan sovjetregjeringa at Finland skulde gjeva frå seg ein part av landet sitt nord med Ishavet, resten av det landet som heiter Fiskarhalvøya, den vestre halvta, som høyrer til Finland. Sovjetregjeringa gav ingen grunn for dette kravet, og det er heilt klårt at vi i Noreg som såg dette og fekk høyra um dette, uvilkårleg måtte tenkja at dette vilde segja det same som eit steg på vegen fram mot Noreg. Vi kunde tenkja oss i det minste at etterpå vilde det koma eit krav til Noreg um å få land eller kanskje hamner innanfor det norske landområdet. Noko slikt krav har ikkje kome frå Sovjet-Samveldet. Det har teke til i den siste tida å gå gjetord på mange kantar i verda. Eg har fått telegram um det frå Amerika, frå Frankrike, frå England, frå Danmark; og frå mange kantar har det gått gjetord um at slikt krav på

norsk landumråde var sett fram frå russisk side. Det er ikkje tilfellet, noko slikt krav har vi ikkje fått, og eg har difor kunna avsanna desse gjetorda som soleis kom. Men sjølv sagt, um eg dylja for meg sjølv - og ingen kann dylja for seg sjølv - at ein otte i so måte måtte vi ha for at noko kunde henda når Russland ein gong var ferdig med det det vilde ha i Finnland. So hende det no sist onsdag natt - d.v.s. natta til torsdag - at eg fekk eit telegram frå legasjonen i Berlin. Det var eit siffertelegram, og eg skal gjeva innhaldet av dette telegrammet:

«Legasjonen har i dag» - d.v.s. sist onsdag - «fått vita av tridjemann, som har til kjelde høgtstående embetsfolk i det tyske utanriksdepartementet, at sovjetregjeringa har gjeve den tyske regjeringa melding um dette: Når russane har fått sett igjennom dei krava som dei har reist i Finnland, vil dei kome med ultimatum til den norske regjeringa um å avhenda isfrie fjordar i Finnmark.»

Noka nærare geografisk grense vart ikkje nemnd, men telegrammet strekar under at det var nytta fleirtalsform, «isfrie fjordar». -

«Den tyske regjeringa skal» - heiter det so i dette telegrammet - «ha gjeve sovjetregjeringa lovnad um at ho vil halda seg passiv um Russland gjer noko slikt. Det er just no ein russisk handelsdelegasjon i Berlin for handelspolitiske fyremål. Spursmålet skal ha vore dryft med denne delegasjonen. Dette» - legg so den norske sendemannen i Berlin attåt - «har eg dessutan fått høyra frå ein annan kant, som likeins har kunnskapen sin frå det tyske utanriksdepartementet.»

Det er klårt at eit telegram som dette måtte skapa uro og otte her hos oss i den norske regjeringa. Det er like eins klårt at dette ikkje er ei autentisk melding, og kor langt vi torer lita på sanninga av det som her er nemnt, er ikkje lett for oss å avgjera. Vi har endå ikkje fått skriftleg melding frå Berlin um kven det er som er kjelda, vi veit ikkje kven det er i den norske legasjonen der som har fått kunnskapen, og vi veit ikkje kven det er som har gjeve kunnskapen, so vi har sjølv sagt full rett til å setja eit spyrjeteikn ved meldinga. På den andre sida er det ikkje noko sers urimeleg i meldinga, vi kunde godt festa lit til ho og tru at dette var sant.

Den norske regjeringa har no i desse dagane sytt for å styrkja nøytralitetsvernet vårt i Finnmark. Diverre var just i fyrre vika Varanger bataljon, som låg lengst aust, send heim, men Alta bataljon er send dit aust i staden, og har nått fram dit, so vi har styrkt landet vårt lengst aust. Dessutan er det gjeve ordre um å senda ein bataljon frå Sætermoen og frå Drevjamoen til Finnmark, so vi har på den måten styrkt landforsvaret. Det kann sjølv sagt vera tale um dessutan å styrkja sjøforsvaret. Dei flya vi hadde sendt upp

til Finnmark fyrr, hadde ein tenkt å taka tilbake, men dei fekk ein då stansa, soleis at dei vart verande der nord.

Men denne meldinga måtte sjølvstegt ikkje berre få innverknad på dei militære tiltaka, men måtte koma til å vega noko i dei dryftingane vi har havt i Regjeringa elles um politikken vår i det finske spursmålet. Eg vil då få segja at dette har kanskje heller gjort oss endå varare enn vi fyrr var med umsyn til den måten vi vilde taka nøytralitetspolitikken vår på, soleis at vi har ikkje av umsyn til denne meldinga kunna gjera noko skifte i det som vi fyrr hadde vedteke.

Eg vonar, hr. formann, at eg på denne måten har gjort so full greie som råd kunde vera, for dei ulike spursmåla som krigen i Finnland har reist for oss her i vårt land, har gjeve greie for korleis vi har set på dei i den norske regjeringa, har gjeve greie for dryftingane våre med Danmark og Sverige, dryftingar som sjølvstegt endå ikkje har nått heilt til endes, og at eg dermed har gjeve grunnlag for ei dryfting her i utanriksnemnda og for eit standpunkt, som utanriksnemnda no etter mitt skyn bør taka. Det standpunktet som det gjeld å taka, det er til den instruksen som delegasjonen i Genève skal ha. Eg vil nemna at just for di vi ikkje her frå Oslo kann ha munnleg samråd med den delegerte som vi no har i Genève, kann det vera tale um straks i dag å senda ein delegert til derved, ein delegert som då i tilfelle kann nå fram dit måndag kveld.

Formannen: Jeg skal få lov til å be om at instruksen til den delegerte til Folkesambandet blir referert en gang til.

Statsråd Koht: Det telegrammet som vart sendt torsdag kveld, den 7. desember, til legasjonen i Paris, gjekk ut på dette: Utanriksdepartementet bed legasjonen i Paris so stutt som råd er, å gjeva hr. Hambro etterfylgjande melding - no skal eg lesa det referatet som er sett upp frå dette siffertelegrammet: Utanriksministrane for Noreg, Sverige og Danmark har dryft spursmålet um Folkesambandet skulde gjera eit vedtak som svarar til den resolusjonen som vart vedteken i 1937 i Kina-Japan-konflikten, men har fyrebils vorte samde um å granska stemninga med umsyn på eit framlegg frå Forsamlinga til resolusjon. Framlegget skulde ha tri punkt. 1) Konstatering av ågang fra Sovjetunionen. 2) Oppmoding til Sovjetsamveldet um å draga sine troppar tilbake frå finsk territorium. 3) Oppmoding til Sovjetsamveldet um å taka upp nye fredlege forhandlingar med Finnland. - Vidare bed ein Hambro røkja etter snarast råd er, um Luxemburg, Nederland og Belgia måtte vera huga på å gå med på slikt eit framlegg. Dersom det er so, vil Hambro få endeleg instruks. Det er tanken hjå utanriksministrane at ein bør freista få framlegget underskrive av so mange nøytrale statar som mogleg.

Joh. Ludw. Mowinckel: Det var med den største interesse vi påhørte utenriksministerens redegjørelse, og jeg for min part kan ikke si annet enn at de linjer som han trakk opp for sitt syn på politikken, i det store og hele tatt faller sammen med mitt syn. Fra det øieblikk jeg hørte at Finnlandssaken skulde legges frem for Folkeforbundet, gjorde jeg mig op den mening, at det kan ikke nytte å skjenne. Vi har hatt nok av demonstrasjoner fra Folkeforbundets side. Det gjelder nu å prøve om Folkeforbundet kan nå frem til en fredelig løsning mellem Sovjet og Finnland. Efter den stilling imidlertid som Sovjetregjeringen har tatt til de forsøk som er gjort fra svensk side, idet den erklærer den sittende finske regjering for en ulovlig regjering og at den er i full overensstemmelse med hvad den kaller den lovlige regjering i Finnland, så kan man jo si sig selv at et sådant skritt fra Folkeforbundets side neppe vil føre frem. Men det hindrer ikke at det bør gjøres. Imidlertid er jo saken blitt meget mer komplisert enn jeg tenkte mig, ved det utenriksministeren idag har oplyst om det sterke krav på eksklusjon som er reist fra så mange stater og som støttes umiddelbart - sies det - av både Frankrike og England. Hele vår politiske stilling og fremtid er jo i den grad knyttet til vestmaktene at vi her må være nokså varsomme, - jeg kommer siden tilbake til det i forbindelse med det siste Berlin-telegram.

Jeg hadde tenkt mig en annen ting også i Genf, hvor jeg mente at de nøytrale stater kunde operere sammen. Det var ved siden av dette direkte fredsforsøk like overfor Sovjet å reise spørsmålet like overfor vestmaktene om mulighet av en *fredsaksjon i Europa*, og da søke Amerikas støtte til det, bringe vestmaktene og Tyskland sammen til en konferanse hvor fredsspørsmålene åpent blev drøftet. Jeg har tenkt på det nettop fordi jeg sa mig selv at en fredsaksjon like overfor Sovjet blir umulig. Men også her vil vel resultatet bli negativt, så lenge vestmaktene med Storbritannia i spissen synes å innta det standpunkt at øieblikket ikke er modent til et forhandlingsforsøk så lenge balansen mellem Tyskland og vestmaktene ennå er såvidt slett på vestmaktenes side som den er idag. De mener at tiden arbeider for dem, og der synes ikke å være nogen tilbøielighet hos dem på det nuværende tidspunkt til å gå til fredsforhandling, til tross for at man skulde tro at det som skjer mellem Sovjet og Finnland, skulde ryste vestmaktene også meget sterkt.

Med hensyn til dette eksklusjonsspørsmål kunde man tenke sig en mellomvei, således at man først tok op til overveielse spørsmålet om en fredsappell fra Folkeforbundets side til Finnland og Sovjet og utsatte spørsmålet om eksklusjon, inntil der forelå svar fra Sovjetregjeringens og Finnlands side med hensyn til det initiativ til fred som Folkeforbundet tok. For hvis så Sovjet grovt avviser også Folkeforbundets anmodning om å søke å komme til forhandlinger og så slutt på krigen, så vil naturligvis Folkeforbundets stilling like

overfor eksklusjonsspørsmålet kunne bli en annen - også vår opfatning av spørsmålet og vår stilling til spørsmålet kanskje også en annen. Jeg bare reiser dette spørsmål, for annet enn et spørsmål kan det ikke være.

Jeg tviler ikke på at hr. Hambro er helt lojal, men jeg går også ut fra at det vil henstilles til hr. Hambro ikke å holde nogen tale på Norges vegne uten at den tale er konform med Regjeringens opfatning. -

(Utenriksminister Koht: Sjelvsagt.)

Ja, for vi kjenner jo hr. Hambros impulsive natur, og det kan lett falle fra hans side ord som kanskje ikke den norske Regjering fullt ut vil anerkjenne som sine.

Finnes opfatning med hensyn til eksklusjonsspørsmålet, som den fikk uttrykk i Tanners samtale med utenriksministeren, burde jo også kunne øve noen innflytelse på diskusjonen dernede, slik at man kanskje kunde gå med på en slik utsettende bevegelse som den jeg her nevner, og da måtte naturligvis enhver diskusjon om eksklusjon, ethvert forslag om eksklusjon, ikke tas op forinnen fredsaksjonsresultatet forelå. Det var dette Folkeforbundsspørsmålet.

Så var det hjelpen til Finnland. Hvad frivillige til Finnland angår, så kan jeg ikke si at jeg interesserer mig så sterkt for det, for all den stund det - som utenriksministeren sier - i første rekke gjelder offiserer, så tror jeg det er meget vanskelig for oss å sende frivillige til Finnland. Og så sympatisk det naturligvis er at folk vil kjempe for en slik sak, så tror jeg ikke at det betyr så meget for Finnland. Derimot betyr naturligvis transporten av varer, transittretten, uhyre meget, og hvis det er overensstemmende med vår nøytralitet, kan ikke jeg forstå annet enn at der må vi gjøre som Sverige gjør og la det bli adgang til å motta varer som skal til Finnland, også her i Norge.

Men alt dette må jo sees på bakgrunn av det foruroligende telegram som er kommet fra Berlin. Jeg må si at jeg trodde - og jeg har også sagt det - at Sovjet neppe vil gjøre krav på et norsk havneområde. Det vilde jo være noget ganske nytt. Under hele zar-tiden blev vi stadig skremt med denne åpne havnen, men det var vel nærmest skremsler. Men at Sovjet, som dog ennu i ord og talemåter fastholder at det er de små lands beskytter og vil fred og jeg vet ikke hvad, nu skulde finne på et sådant skritt overfor Norge, hvor de dog neppe kan gjøre gjeldende at de kommer for å støtte en folkeregjering mot den nuværende regjering, - skjønt Vårherre må vite om det er umulig at det også her i landet kunde skrapes sammen en «folkeregjering» som de da vilde støtte for å befri oss ulykkelige mennesker fra den ulykke som ministeriet Nygaardsvold må sies å føles å være for mange mennesker - det kan naturligvis tenkes, skjønt jeg ikke tror det. Jeg tror vi er litt anderledes beskyttet i så henseende enn Finnland. Så er det en ting til som for mig har stått som nokså avgjørende. Det er vel neppe tvil om

at det som Sovjet gjør, er i høi grad pinlig for Tyskland, ikke alene for det tyske folk i stor dybde og stor bredde, men like op til den tyske regjering. Men det er utvilsomt en del av den betaling Ribbentrop har måttet yde for å få pakten med Sovjet istand. Betalingen omfatter altså alt det som var russisk før Versaillesfreden. Men at Russland skulde ha fått rett til å gå videre, det tror jeg ikke, til tross for det telegram som er innløpet. Her er nemlig en annen forskjell også som i grunnen trer sterkt frem, det er raseforskjellen. Og Hitler har jo ennu ikke - han har jo forlatt mange standpunkter -, men han har ennu ikke forlatt opfatningen om den germanske rases overlegne egenskaper, og at han skulde være med på å utlevere så fine germaner som vi er, til Sovjet, det tror jeg ikke. Om finnene kan det jo sies at de ikke er av arisk rase, - er de ikke ugrisk-mongolske eller noget slikt? Men at han skulde la de nordiske germaner bli gjenstand for sovjetisk rov, det tror jeg ikke. Dertil kommer at også for Tyskland er der jo en fremtid i Europa, og det kan være galt nok at Sovjet synes å ha fått rett til å beherske Den botniske bukt og størstedelen av Østersjøen, men at Tyskland selv nu i sitt hat og i sin kamp mot England skulde se på at Sovjet besatte nordnorske havner, det tror jeg ikke. Vel, vi har sett meget som vi på forhånd ikke trodde på, og det er all grunn til å være var, og være for var. Og nu kommer jeg til det som gjorde at jeg synes at man måtte forsøke å ta litt hensyn til vestmaktenes stilling i Folkeforbundet, slik at vi ikke kom i et forhold til dem som kunde bli ubehagelig, og det er det at hvor det gjelder denne meddelelse om krav på nordnorske havner, der tror jeg det er ganske nødvendig underhånden og i stillhet å sette sig i forbindelse med Storbritannia. Det må Storbritannia få kjennskap til. Og selv om Storbritannia dessverre ikke kan hjelpe Finnland på grunn av Finnlands geografiske situasjon, så ligger gudskjelov vi slik til at Storbritannia meget lett og hurtig kan hjelpe oss. At vi derved kommer i krig med Tyskland, det er nok gitt; men hvorledes vil vår stilling bli hvis vi isolert og uten hjelp skal forsvare oss mot et sovjet-overfall i nord? Jeg tror nok at denne situasjon er så alvorlig at man må regne med alle muligheter, og nettop derfor tror jeg det er politisk klokt og politisk nødvendig at Storbritannia er orientert. Det jeg nemlig også synes vi må være opmerksom på i de siste dager, det er Tysklands trykk på de nøytrale. Det synes som om Tyskland i stigende grad regner med den mulighet at det må gå til et trykk på de små nøytrale stater, både Belgia og Holland, men også Sverige og Norge. De uttalelser vi har sett og også har hørt i radio, tyder på at det vil si: Vi er venner med Norge og Sverige, Holland og Belgia så lenge disse land virkelig hevder sin nøytralitet like overfor Storbritannia på en måte som vi finner tilfredsstillende. Men det sier sig selv at slik som alt dette utvikler sig, sjøkrig, handelskrig, så blir og må Tyskland bli mer og mer utilfreds med den måte hvorpå vi

hevder vår nøytralitet. Vi har i forrige møte snakket om tonnasjearrangementet, vår flåtes stadig stigende tjeneste for vestmaktene, og nu stansen av tysk trafikk vestover, nektelsen av å ta tysk transittlast. Alt dette ligger i dagen, og går fra galt til verre. Og skulde det ikke lykkes å få en handelsavtale med England - der arbeides jo nu på det i disse dager - som er av den art at den tilfredsstiller også Tyskland, er jeg bange for at vi kan vente et ganske sterkt trykk der. Og det er mulig at vi kan se denne Berlin-historien på den bakgrunn at her gjelder det et samarbeide mellom Tyskland og Russland for krig mot Skandinavi. Det er mulig. Men nettop derfor er det jeg mener det er nok så nødvendig å være i kontakt med Storbritannia, for efter min mening er det ganske nødvendig i det øieblikk at Sovjet virkelig skulde fremkomme med en slik forespørsel, at vi ikke alene kan svare nei på bakgrunn av hvad vi selv kan by av motstand, men svare nei på bakgrunn av den støtte vi får fra vestmaktene.

